



# ÅRSMELDING 2022

Årsmeldinga er soknerådet si melding til kyrkjelyden om kva som har vore gjort og kva utfordringar me har i Nærbø sokn. Me håper at rapporten svarar på dette. God lesing!

[Karen-Elise Gilje Fossen](#)

## **Innhald:**

|                                       |    |
|---------------------------------------|----|
| Soknerådet                            | 1  |
| Tilsette                              | 2  |
| Gudstenester og kyrkjelege handlingar | 3  |
| Trusopplæring                         | 6  |
| Kultur og musikk                      | 10 |
| Undervisningsutvalet                  | 10 |
| Diakoniutvalet                        | 10 |
| Misjonsutvalet                        | 12 |
| Kyrkjeringen                          | 12 |
| Kyrkjeringen for menn                 | 13 |
| Kyrkjelydsbladet                      | 13 |



DEN NORSKE KYRKJA

Nærbø kyrkje

*Levande tru*

## Soknerådet

---

Visjonen «Levande tru» er framleis leietråden SR styrer etter. Guds ord, bøn og lovsong er det som samlar oss. 2022 har vore året for gjenopning etter Covid-19. Det er godt å sjå at aktiviteten tek seg opp og at folk kjem att til kyrkja. Samstundes har staben hatt utfordringar med mellom anna sjukemeldingar og vakansar. Vi arbeider no for å stabilisere dette.

Frivillige er ei gåve til kyrkjelyden, og me er avhengige av frivillige i det me gjer. Mye lå brakk i pandemitida, og det har tatt litt lengre tid enn ønskeleg å få alt i godt gjenge igjen. I strategiplanen som me jobba fram i 2022, er derfor satsinga på frivillige eit hovudpunkt. Denne satsinga inneber at vi vil ha fokus på både å ta vare på dykk som står på i dag, og samstundes rekruttere nye. Utan frivillige kan me ikkje driva det arbeidet me ønskjer.

### Soknerådet si samansetning 2019-2023

|           |                   |               |
|-----------|-------------------|---------------|
| Fossen    | Karen-Elise Gilje | leiar         |
| Høyland   | Håkon             | nestleiar     |
| Pettersen | Vidar Søyland     | sokneprest    |
| Vatne     | Johan             |               |
| Fløysvik  | Anne              |               |
| Reime     | Stine             |               |
| Rimestad  | Marianne          |               |
| Harbo     | Henrik            |               |
| Bjorland  | Morten            |               |
| Grødem    | Kari              | 1.varamedlem  |
| Risdal    | Tore              | 2. varamedlem |
| Eide      | Magnus            | 3. varamedlem |
| Burg      | Andreas van der   | 4. varamedlem |
| Horpestad | Evy Byberg        | 5. varamedlem |

Nærbø sokn sine representantar i Hå kyrkjelege fellesråd

|          |        |               |
|----------|--------|---------------|
| Vatne    | Johan  |               |
| Høyland  | Håkon  |               |
| Bjorland | Morten | 1. varamedlem |

### Saker

I 2022 har soknerådet handsama 43 vedtakssaker. Dei ordinære sakene handlar oftast om drifta av kyrkjelyden (økonomi, gudstenestelister osv.), men soknerådet arbeider òg heile tida med å ha ein målretta, strategisk plan for arbeidet i kyrkjelyden.

## Økonomi og gjevarteneste

Økonomi og gjevarteneste er ei utfordring. Me må halde eit konstant trykk på dette for å kunne halde våre forpliktingar til løn og aktivitet i soknet. Kollekt via Vipps fungerer godt. Inntekter frå julemesse og påskemarknad er òg viktige bidrag.

Stor takk til deg som har vore med og støtta alt dette og sikra soknet inntekter.

## Strategiarbeidet

Visjonen "Levande tru" ligg som grunnlag for arbeidet vårt. For arbeidsområda trusopplæring og diakoniarbeid er det utarbeidd konkrete planar som staben saman med dei tilsette arbeider etter. I tia framover vil alle planane samlast i ein plan for arbeidet i soknet, som heiter «Vår kyrkje». Dette er eit nytt arbeidsverktøy frå kyrkja sentralt, som på sikt blir innført i alle kyrkjelydar i heile Noreg.

I planen har ein sett opp konkrete tiltak. For arbeidsområde der det alt føreligg konkrete planar, som for trusopplæring og diakoniarbeidet, har ein vist til desse planane.

Arbeidsområde som er omtalt i strategiplanen er: gudstenestelivet, trusopplæring, søndagsskulen, diakoni, ungdomsarbeidet, misjon, kyrkja på nett, inkluderande fellesskap, kultur og musikkliv, giverteneste og kommunikasjon. Desse vil halde fram å vere prioriterte arbeidsområde for både sokneråd og stab, men hovudprioriteten framover vil vere satsinga på frivillige.

Me er stolte over kyrkja vår. Me vil ha ei frimodig kyrkje som snakkar om Jesus. Målet for oss alle er at fleire skal bli kjende med Jesus! Soknerådet vil leie ei kyrkje der me finn levande tru som vitnar i ord og handling om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus.

## Tilsette

---

Det er ingen tilsette som er tilsett i soknet. Nedanfor er en oversikt over tilsette som har hatt arbeidsstad i Nærbø kyrkje i 2022.

|                         |                  |         |                                      |
|-------------------------|------------------|---------|--------------------------------------|
| Gunnar Åreskjold        | Dagleg leiar     | (80%)   |                                      |
| Vidar Søyland Pettersen | sokneprest       | (100 %) | 50% foreldreperm<br>frå 1.sept-1.des |
| Aksel Johan Lund        | prosti prest     | (100 %) |                                      |
| Møyfrid Garborg         | kateket          | (100 %) |                                      |
| Ragnhild Elisabeth Hoel | musikalsk leiar  | (80 %)  | Slutta september                     |
| Ove Byberg              | Musikalsk leiar  | (80 %)  | Frå oktober                          |
| Mari Ask Helland        | kyrkjelydpedagog | (60 %)  | Slutta mars - vakant                 |
| Anne Turid Varhaug      | trusopplærar     | (80%)   |                                      |
| Torgeir Hauge           | ungdomsveileder  | (100 %) |                                      |

|                      |                    |         |
|----------------------|--------------------|---------|
| Kjersti Olimb Salte  | diakoniarbeidar    | (100 %) |
| Gunn Auestad Stokka  | styrar Noas ark    | (60 %)  |
| Anne Olseth          | assistent Noas ark | (50 %)  |
| Karina Fløysvik Hæåk | ungdomsarbeidar    | (30 %)  |

Klokkartenesta og delar av kyrkjetenarfunksjonen blir gjort på dugnad.

#### **Team for drift av kyrkjer og kyrkjegardar**

|                   |             |         |
|-------------------|-------------|---------|
| Stein Johnsen     | kyrkjetenar | (100 %) |
| Joleif Hobberstad | kyrkjetenar | (100 %) |

## **Gudstenester og kyrkjelege handlingar**

---

Det er eit stort og variert gudstenesteliv i kyrkja på Nærbø. Kyrkjelyden legg vinn på mangfald i form og uttrykk, låg terskel for dei som ikkje er vane med gudsteneste, men også dybde for dei trufaste som går kvar sundag. Etter pandemien har det vore litt usikkerheit knytt til kor mange som kom att på fysiske gudstenester da kyrkja opna opp att, og tala viser at det har vore nokre færre på gudsteneste og til nattverd. 8,5% færre fysiske deltakarar på gudstenester. Me vil ikkje prøve å forklara tala her, men ser ikkje bort i frå at noko av nedgangen kan ses i samanhengen med oppstart etter pandemien. Som kyrkje ynskjer vi å legge til rette for at de som har forsvunne ut siste tida kan finne plassen sin i fellesskapet i kyrkja igjen.

NK-media har halde fram med å gi oss eit digitalt tilbod sjølv om kyrkjerommet har vore ope igjen. Det er ein fast gjeng på omkring 40 som følgjer oss kvar sundag. Talet for sjåarar på digitale gudstenester inkluderer strøyming og alle som har sett gudstenester på nett direkte og i ettertid.

#### **Trusopplæringsgudstenester**

I samband med nokre av trusopplæringstiltaka har me årvisse gudstenester som er ein del av tiltaket. I 2022 vart det gjennomført gudsteneste i samband med tårnagentane, dåpsskulen og 4årsboka. Konfirmasjonstida med sine gudstenester kan og sjåast i samband med dette. Det vart lagt ned ekstra ressursar på desse gudstenestene, og dei vart også i år gjennomførte på ein god måte.

## **Temagudstenester**

Eit eige temagudstenesteutval set opp og gjennomfører fire temagudstenester i halvåret. Desse har funne sin eigen stil og er godt besøkte. Ein legg vekt på musikk og song, og brukar ofte element frå populærkulturen for å understreke dagens tema. Tema vert henta frå ulike hald. Våren 2022 hadde me «Disippeltrekanten – evangeliet, kristen praksis, kristen erfaring» som tema. Siste temagudsteneste denne våren hadde spesielt fokus på husfellesskap med moglegheit til å melda seg inn i eit (sjå avsnittet om undervisningsutvalet.) På hausten var temaet «Nådegåvene». Nådegåvetemaet blei lagt opp i samarbeid med undervisningsutvalet, og me oppdaga at ein samkøyring mellom opplegget til undervisningsutvalet og temagudstenesteutvalet fungerte godt.

## **Familiegudstenester**

I 2022 hadde me 9 familiegudstenester, fordelt med tre på våren og fira på hausten. Tre av gudstenestene var knytt opp til trusopplæringstiltaka (tårnagent, dåpsskule, og 4-årsbok), tre gudstenester var ordinære familiegudstenester, mens dei siste tre familiegudstenestene vart feira i samband med 17. mai og julaftan. Handdokka «Fredrik» har vorte eit fast og kjent innslag på dei fleste familiegudstenestene. I tillegg har det vore med frivillige forsongarar og kor. Staben (ikkje berre prest og organist) er også involvert både i planlegginga og gjennomføringa av familiegudstenestene.

Mens julaftan og 17.mai, samt dei gudstenestene som var knytt opp til trusopplæringstiltaka, var veldig godt besøkte, sleit vi litt meir med oppmøte av familiar/born på dei ordinære familiegudstenestene. Siden «Gladsang» var med på den i september, var det ein del born her også, mens dei siste to ordinære familiegudstenestene på hausten var nesten utan sjølve målgruppa. Staben innser at om vi ynskjer å vidareføre dei ordinære familiegudstenestene må vi legge ned eit ganske omfattande arbeid for å bygge dei opp igjen. Både ressurstilgang og strategiske vurderingar i soknerådet vil avgjere kva vi gjer med desse gudstenestene framover.

Ideelt sett er det eit mål at desse skal opplevast som ei naturleg forlenging av både søndagsskulen og dei vanlege gudstenestene. Dei skal vere kompakte og forstålege for barn, med ulike uttrykk i forkynninga, både visuelle, verbale og dramatiske. Musikken skal og vere nær til det barna er vande med, samt gje dei innblikk i meir tradisjonell kyrkjemusikk.

## Statistikk

|                                    | 2017   | 2018   | 2019   | 2020  | 2021  | 2022  |
|------------------------------------|--------|--------|--------|-------|-------|-------|
| Døypte                             | 86     | 73     | 82     | 75    | 78    | 80    |
| Konfirmerte                        | 82     | 96     | 90     | 70    | 82    | 89    |
| Vigde                              | 19     | 23     | 15     | 18    | 22    | 25    |
| Gravferder                         | 50     | 49     | 55     | 60    | 51    | 63    |
| Gudstenester søndagar og heilagdag | 62     | 52     | 56     | 70    | 66    | 57    |
| Gudstenestedeltakarar totalt       | 16 168 | 13 783 | 13 733 | 5 329 | 6 164 | 10608 |
| Deltakarar pr. gudsteneste         | 261    | 265    | 245    | 76    | 93    | 186   |
| Digitale gudstenester              |        |        | 7      | 46    | 60    | 39    |
| Gjennomsnitt sjåarar               |        |        |        | 117   | 266   | 44    |
| Nattverdsgjester                   | 3 114  | 3 114  | 2 865  | 905   | 1 109 | 2239  |
| Innmelde                           | 2      | 5      | 2      | 5     | 6     | 6     |
| Utmelde                            | 152    | 22     | 32     | 19    | 34    | 32    |

## Kyrkjelege handlingar

Det er god oppslutning om dei tradisjonelle kyrkjelege handlingane i Nærbø. Talet på dåp held seg stabilt, det same kan seiast om gravferder. Me har og ei god oppslutning om konfirmasjon, der mange i kullet vel kyrkja. Talet på vigslar er relativt lågt sett i forhold til folketalet, men korkje lågare eller høgare samanlikna med andre sokn.

Dei kyrkjelege handlingane er eit godt døme på folkekyrkja si breie kontaktflate og ein viktig del av det kyrkjelydsbyggjande arbeidet.

## Trusopplæring

---

I det følgjande listar me opp dei ulike trusopplæringstiltaka. Som oftast har tiltaket ei målgruppe, eit årskull. Då er det vanleg innanfor trusopplæringa å rekna på kor stor prosent av dei døypte som sluttar opp om tiltaket. Prosenten er altså ikkje av heile årskullet.

### **Dåpssamtale og dåp**

Det har vore 80 dåp i Nærbø kyrkje i 2022, eit tal som har heldt seg stabilt siste åra. Foreldre som melder borna sine til dåp, har samtale med presten på førehand. Presten møter dåpsforeldra til ei felles samling i «Noas ark-rommet» før kvar dåpsgudsteneste. Tema på desse samlingane er dåpens innhald, opplæring av dei døypte, og det praktiske rundt dåpen. Det vert lagt vinn på å gjera dåpsgudstenestene til gode opplevingar for alle som kjem med borna sine. Me har i tillegg eit mål om å ha dåp dei sundagane me har søndagsskule. Slik kan me få vist fram det flotte arbeidet, og gje eit tilbod til dei større ungane i dåpsfølget

### **Babysang**

Babysang er eit tiltak i trusopplæringsplanen som går kontinuerleg. Det var 12 samlingar til saman i løpet av året, med 23 barn i haust. Det var kyrkjelydspedagog Mari Ask Helland som hadde ansvaret for Babysang i vår, mens Solveig Høyland har gått inn og dratt dette vidare sidan menighetspedagog-stillinga er vakant.

### **Småbarnstrall**

Småbarnstrall er eit tiltak i trusopplæringsplanen som har gått kontinuerleg. Grunna dårleg oppslutning på Småbarnstrall i tillegg til behov for fleire babysongkurs, vart Småbarntrallen lagd på is i 2022 til fordel for å heller køyra to parallelle babysongkurs i semesteret. Om Småbarnstrall permanent skal leggast ned, må takast opp til vurdering etter kvart.

### **4-årsboka**

Utdeling av 4-årsboka (barnebibelen) vart gjort i november. Me hadde to samlingar laurdagen og felles familiegudsteneste på søndagen. På laurdagen hadde me samling med song, bibelforteljing, besøk av søndagsskulekaninen og skattejakt. På gudstenesta fekk dei utdelt barnebibelen. Totalt har 55 barn fått utlevert 4-årsboka. Kateket Møyfrid Garborg hadde hovudansvaret for 4-åringane i samarbeid med trusopplærar Anne Turid Varhaug og ein tilsett frå Noas Ark.

## **Noas Ark**

Noas ark open barnehage er ein populær møteplass. Veke etter veke, fordelt på tre dagar, kjem det mange barn saman med omsorgspersonane sine. Barnehagen har ei fleksibel opningstid som gjer at ein kan koma og gå når det måtte passa den enkelte. Det er leik, samlingsstund og ulike aktivitetar som stort sett pregar dagane. Dei ulike høgtidsdagane og merkedagane i året vert feira.

Året starta med Covid-19 og restriksjonar. Då me var tilbake i normal drift, merka me at folk var noko skeptiske til å koma etter pandemien. Det var ikkje før på hausten at folk fant tilbake til oss. Brukarane kjem frå Sirevåg i sør til Klepp i nord.

## **Skattekista Søndagsskule**

Me har i utgangspunktet søndagsskule annankvar søndag. I 2022 blei det totalt 16 samlingar, der det var eit gjennomsnitt på 45 born i vår og 69 born i haust. Det vert framleis opplevd som vanskeleg å få med nok frivillige leiarar. Det var ca. 95 betalande medlemmar i 2022. Anne Turid Varhaug har ansvaret for søndagsskulen.

## **Dåpsskule**

Før påske hadde me dåpsskule for førsteklassingane, totalt 41 gutar og jenter var påmelde. Det var kateket Møyfrid Garborg og trusopplærer Anne Turid Varhaug som hadde hovudansvaret for dåpsskulen, medan det var frivillige som stod for sjølve gjennomføringa.

## **Tårnagentar**

Tårnagentsamling vart gjennomført den 5. februar i 2022, det kom 62 barn. På grunn av covid-19 var det berre samling på laurdag. Samlinga vart gjennomført av kyrkjelydspedagog Mari Ask Helland og diakon Kjersti Olimb Salte.

## **Gloria**

Gloria dansegruppe har hatt sju treningar vår og sju treningar haust i 2022. I tillegg har dei deltatt på ulike arrangement og gudstenester. Gruppa består av 25 danseglade born i alderen 8-12 år som synest det er kjekt å bevega seg. Det er 5 jenter som har ansvar på gloria. Dette fungerer godt, og me gler oss over å sjå engasjementet deira.

## **Mini-Mer**

Trusopplærer Anne Turid Varhaug har hatt ansvar for Mini-Mer i 2022. Mini-Mer er ein klubb for barn frå 5.-7.klasse. Det ble gjennomført 14 samlingar 2022. Det kom frå 70 til 150 born per samling. Det er med vaksne og ungdommar kvar gang og hjelper til.

## **24 Hours Festival**

Skjærgårds har lagt ned 24H, og dermed har me i trusopplæringa, måtta ta den vanskelige avgjerla om at festivalen blir lagt ned.

## **Reload**

Det har vært godt med et helt år uten korona-restriksjoner, og Reload har gått jevnt og trutt hele året, annenhver fredag kl. 20-23, totalt 18 ganger. På forsommeren inviterte vi igjen 7. klasse til å være med for å "teste" klubben før de begynner på ungdomsskolen, og dette oppleves som en god måte å rekruttere deltakere på. Ellers har konfirmantene sin plass på klubben, sammen med en veldig god, fast kjerne. Stemningen er avslappet og miljøet godt. Høsten var noe preget av at ungdomsveilederen var langtidssykemeldt, men den gode kjernen med ungdomsledere og ungdomsarbeideren i spissen dro klubben rundt hver eneste gang. Før jul ble det klart at ungdomsarbeider Karina Fløysvik Hæåk sa opp jobben, noe som gjør situasjonen noe spent når vi går over i 2023. Det er fremdeles et stort behov for tilsig av nye ungdommer som ledere på klubben.

## **Konfirmasjon**

Konfirmasjonane vart gjennomførte som normalt i mai 2022. 89 konfirmantar stod til konfirmasjon denne våren.

Konfirmantåret inneheldt eit variert program med blant anna gudstenester, weekend til Audnastrand, undervisning, KonfCup for heile Hå og fasteaksjon. I 2022 vart fasteaksjonen gjennomført både digitalt og med bøsser rundt på dørene. Dette gjorde at resultatet i år vart bra og på nivå med før korona. Resultatet vart på ca.85 000 kr.

Kateket Møyfrid Garborg har hovudansvaret for konfirmantane, men sokneprest Vidar Sjøiland Pettersen og prostiprest Aksel Johan Lund deltok på alt for å styrka dette arbeidet. I haust starta me opp med 85 konfirmantar, og Andreas van der Burg og Benjamin Jonasmo er med som leiarar.

## **Kvilepuls**

Kvilepuls har hatt om lag 20 deltakarar i 2022. Heile ungdomsteamet (kateket, ungdomsveileder, ungdomsarbeidar, ungdomsprest) samlar ungdommane til månadlege samlingar. Dei lokale møtepunkta har stor verdi, både for ungdommane sjølv, men òg for oss vaksne som får høve til å bli betre kjent med dei. Kvar samling har ein undervisningsdel, mat og litt leik. Dette er ein god arena for oss til å få bruke litt tid på den enkelte. Og me får mange gode samtaler om trua. Dei eldste i denne gjengen er til god hjelp for oss ansatte til å bruke i ulike samanhenger bl.a til konfweekend og enkelte undervisningstimer til konfirmantane.

## **NK Media**

Året produksjoner har hovedsakelig bestått av direkte sendte gudstjenester fra Nærbø kirke. Totalt 39 (22 på våren og 17 på høsten), hvor vi opplever å ha en veldig jevn digital menighet på rundt 40 seere direkte. Hvor mange som sitter bak hvert av disse tallene vet vi ikke, men en avtale med Hå sjukeheim gjør at vi i hvert fall vet det sitter mange beboere der og ser som én av disse 40. Flere benytter seg også av muligheten til å se gudstjenestene i ettertid. For fjerde år på rad streamet vi julaften-gudstjeneste til Jærbladet gratis, med forutsetning om at sendingen lå tilgjengelig utenfor betalingsmur.

Vi håper stadig flere vil abonnere på NK Media på YouTube og klikke “tommel opp” på sendingene, fordi dette hjelper oss oppover i YouTubes algoritmer. Det må også rekrutteres flere frivillige, både ungdom og voksne, til arbeidet dersom man ønsker å holde hyppigheten på sendinger oppe.

Et lite studio i kirkas kontorfløy har blitt tatt i bruk, både til video- og lydopptak, blant annet gjennom podkasten “Kyrkja Døkoda”, som har fått mange positive tilbakemeldinger. Ellers har 2022, etter to år med satsing, vært et mer defensivt år hvor man har måttet flyte på rutinen.

Det finnes veldig mange måter å videreutvikle arbeidet i NK Media på, men det trengs ressurser og definerte målsetninger for å kunne gjøre dette. På grunn av sykemelding hos ansvarlig i staben har høstens streaminger vært drevet fremover av frivillige, primært ungdom, som stiller opp uke etter uke, og leverer fullverdige produksjoner. Vi opplever at en del av utstyret, spesielt kameraene som ble kjøpt inn brukt, begynner å bli utslitt, og man må derfor regne med jevnlig investering og erstatning av dette i tida fremover.

### **Samarbeid mellom barnehage/skule og kyrkja**

I 2022 hadde me påskevandringar i kyrkja med alle barnehagane før påske. Dette er flotte samlinger der me kjem tett på ungane. Til jul var Tryggheim vid. Med på julegudstenester. Me måtte ha 4 gudstenester for å få plass til alle skular og barnehager. På desse gudstenestene hadde me 1500 barn innom kyrkja.

Tryggheim ungdomsskule hadde julegudsteneste i kyrkja siste skuledag før jul med alle sine elevar.

Kateket Møyfrid Garborg er ansvarleg for samarbeidet mellom barnehagar, skular og kyrkja. Men mange av dei tilsette er med i gjennomføringa.

## **Kultur og musikk**

### **Jæren kammerkor og Jæren Gospelkor**

Øver, deltek på gudstenester og har konserter

### **Konsertar og arrangement**

Det vart arrangert 12 konsertar i kyrkja i 2022.

## **Undervisningsutvalet**

---

Undervisningsutvalet har i 2022 bestått av Arne Reidar Hæåk, Anne Risa (frå 29.3), Stine Reime (soknerådet), sokneprest Vidar Søyland Pettersen og kateket Møyfrid Garborg. Me har hatt seks møter i løpet av året, og har hovudsakleg arbeid med to saker: Temakveldar og husfellesskap.

Hausten 2022 arrangerte vi tre kveldar om nådegåver for dei som ynskja i kyrkjelyden. Kveldane bestod av kveldsmat og undervisning/samtale. Torgeir Lauvås og Kjell Børge Tjemsland var innom som eksterne talarar. Kveldande var relativt godt besøkt med omtrent 30 stk. på kvar samling. Vi la også til rette for at dei som ynskja i kyrkjelyden kunne ta ein nådegåvetest. Omtrent 30 valde å ta denne testen.

Me har også snakka mykje om korleis vi kan styrka husfellesskapsarbeide i kyrkjelyden. Både støtte dei som allereie finns, og utvida det så fleira kan ta del i eit husfellesskap. I samband med ein av temagudstenestane på våren/sommaren kunne man skrive ein lapp der man uttrykte ynskje om å vera med, men få melde seg. Utvalet arbeider difor vidare med korleis vi kan organisere, informere om, hjelpe og styrke husfellesskapsarbeidet i kyrkjelyden på ein best mogleg måte framover.

## **Diakoniutvalet**

---

Diakoniutvalet dette året har vore:

Kari Grødem, Evy Byberg Horpestad, Marianne Rimestad, Kari Synnøve Aarsland og Randi W. Dahl og Ruth Høllesli.

Rut Høllesli var nytt medlem i diakoniutvalet frå hausten 2022

Utvalet har hatt fire møte og har arbeidd med desse sakene:

### **Fasteaksjonen 5.april**

Tema var «Håp i en dråpe vann» og midla gjekk til jordbruk og enkelt vatningssystem. Utvalet hadde ansvar for praktiske oppgåver med utsending og servering slik som før pandemien.

## **Vårfest 24.april**

Vårfesten ble vedtatt i ny diakoniplan i 2021 og ble arrangert for første gang i april 2022. Diakoniutvalet stod som arrangør. Det ble ein flott fest med godt frammøte, tale av Andreas Haarr og song/minikonsert av Gospelkoret. Frå 2023 skal Nærbø kyrkjelyd stå som arrangør og festen vert eit samarbeid mellom soknerådet og diakoniutvalet.

## **Diakoniens dag 16.oktober**

Aksel Johan Lund leia gudstenesta. Diakoniarbeidar Kjersti Olimb Salte preika og diakoniutvalet deltok med forbøn og kyrkjekaffi.

## **Minnegudsteneste 6. november**

Etterlatne fekk invitasjon per brev. Lars Sigurd Tjelle hadde gudstenesta. Organist Ove Byberg deltok med fin musikk. Diakoniutvalet hadde ansvaret for tekstlesing og lystenning. Det var eit godt frammøte.

## **Se Meg Stasjonen**

Diakoniarbeidaren var med som leiar i samtalegruppe for barn som har mista mor eller far; «Ei hand å halde i». Se Meg stasjonen ble lagt ned i desember. Det blir arbeidet med løysingar for korleis sorggrupper for barn kan vidareførast. Diakoniarbeidaren deltek i ei arbeidsgruppe med diakonar frå Jæren prosti og Familiesenteret i Time.

## **Onsdagskaffien**

Onsdagskaffien hadde samlingar første onsdagen i månaden. Frammøtet ligg på 15 – 20 kvar gong og dei som kjem set stor pris på tilbodet. Nokre nye kom.

## **Tilrettelagt gudsteneste**

Vi hadde samlingar andre onsdagen i månaden. I desember fekk vi endeleg gjennomført ein flott konsert med Hårock.

## **Andre diakonale tiltak i kyrkjelyden:**

Åremålsbesøk til eldre har blitt gjennomført. Gudstenester og andaktar på Hå sjukeheim. Sorggruppene var i gong igjen etter pandemien. Sorggruppene er eit samarbeid mellom prostia. Diakoniarbeidaren gjekk på besøk til einskildpersonar for oppfølging av sorg og ulike behov. Pilegrimsvandringar blei gjennomført i eit samarbeid med Jæren prosti.

## Misjonsutvalet

---

Misjonsutvalet har i 2022 bestått av Anne Fløysvik (soknerådet), Jofrid Vigre Braadland, Jon Aarsland, Tron Gudmestad, Gunvor Risa og sokneprest Vidar Søyland Pettersen. Jofrid Vigre Braadland og Jon Aarsland avslutte sitt engasjement i løpet av året, medan Tron Gudmestad og Gunvor Risa byrja sitt. Utvalet har hatt fem møte, to om våren og tre om hausten.

I 2022 kom dei to siste misjonsavtalane på plass for Nærbø kyrkjelyd. Etter ein prosess i kyrkjelyd, misjonsutval og sokneråd blei det vedteke at kyrkjelyden skal støtte TCN (Thailand Christian Network) og «Kirkelig undervisning i Kina» gjennom NMS sitt arbeid der (som tidlegare). Frå før av bidrar vi til arbeidet i Stefanusbarna.

Misjonsutvalet har også arbeid fram ei endring (vedteke av soknerådet) der me ofrar til kvart misjonsprosjekt fira gonger i året, og har som mål å ha informasjon om kvart prosjekt ein gong i halvåret. Informasjonen blir gjeve på same tid som vi ofrar til det prosjektet. På den måten får alle prosjekta både fokus og pengar. Soknerådet vedtok også at det på Heilage tre kongars dag skulle ofrast til NMS, og at me skulle ha ein søndag med fokus på forfølgde kristne med ofring til Åpne dører.

Me arbeider kontinuerleg med å få inn misjonsstoff og helsingar frå utsendingane frå Nærbø i Kyrkjelydsbladet, på internett og i gudstenestene. Forbøn for dei som har reist ut frå Nærbø som misjonærar, har også blitt vidareført.

## Kyrkjeringen

Vi har ei leiargruppe og fleire undergrupper: bakegruppe, basargruppe og kreativ gruppe. Kvar gruppe har eigne samlingar etter behov. Gunnvor Engtrø er hovudleiar i kyrkjeringen og Berit Ødemotland sekretær, Åslaug Harbo og Arnfrid Bjorland i leiargruppa. Og Åslaug Harbo og Arnfrid Bjorland slutta, og Marianne Bjorland tek over kasserarjobben etter henne.

Kreativ gruppe har framleis mange følgjarar på Facebook/sms. Leiargruppe, Gunnvor Engtrø, Marianne Bjorland og Anne Olseth.

Samla har kyrkjeringen hatt fem møte i 2022.

Vi hadde Påskemarknad, Nærbødagane. på julemarknad i Køhlerpaveljongen med sal av bakverk, gravpynt, kransar o.a. Likeså var kyrkjeringen med under tenning av julegrana og i parken. julemesse i kyrkja. På førehand hadde bakegruppa trylla fram store mengder julebakst, og kreativ gruppe hadde laga mykje fint. Basargruppa hadde fått inn flotte gevinstar.

Bakegruppa er aktive hele året og kreativ gruppe møtes kvar 14. dag

kyrkjeringen overførte 400 000 kr til soknerådet.

## Kyrkjeringen for menn

---

Det er ti personar som er med på dei ymse aktivitetane. I løpet av året 2022 har kyrkjeringen hatt ansvar for:

- baking og sal av kransekaker til konfirmasjonane
- baking av kransekaker til julemessa
- koking og servering av graut på julemessa

Vidare har me vore med og rigga og rydda i samband med påskemarknad og julemesse, samt vore med på vårdugnad. Medlemmar av kyrkjeringen har også hatt andre praktiske oppgåver i løpet av året.

## Kyrkjelydsbladet

---

Kyrkjelydsbladet har i 2022 kome ut med 4 nummer.

Styret har bestått av: Magnus Østby (leiar), Ivar Jaarvik, Stine Reime og Ester Arna Haarr. I tillegg har kyrkjevevje og assisterande kyrkjevevje møtt på styremøta.

Styret har hatt eitt møte. Kyrkjevevja har vore ansvarleg redaktør og forretningsfører for bladet.

Åslog Harbo og Ester Arna Haarr har vore ansvarlege for annonsesalet.

I redaksjonen har desse vore med: Kell Krogh Jacobsen (frå staben), Inger Kristine Løge, Brit Obrestad og Harald Vikse.

Det har vore arbeidd kontinuerleg med å rekruttera nye medlemmer til redaksjonskomiteen, noko som foreløpig ikkje har lukkast. Inger Kristine Løge har trukket seg.

Tema i 2022 har gjennomgående i alle nummer vært frivillighetens år.

Bladet kom ut med et opplag 7900 eksemplar. Bladet blir distribuert til alle husstandar i Hå kommune. I tillegg er det nokre enkeltpersonar samt institusjonar som får bladet tilsendt. Sal av annonsar blir gjort på dugnad, og saman med inntekter, som frivillig kontingent, er dette dei økonomiske rammene ein har å arbeida utifrå. Det har vist seg vanskeleg å få nok annonsar, så her har styret fokus framover.

Dei siste åra har frivillig kontingent halde seg stabilt og utgjør ein stor andel av økonomien til bladet.

Styret vil takke alle gode bidragsytere, frivillige medarbeidere, redaksjon og tilsette for samarbeid og støtte i året som ligg bak.

Varhaug 03.02.2023

Magnus Østby

Ivar Jaarvik

Ester Arna Haarr

Stine Reime

Svein Olav Nesse

Kyrkjevevje

---

Nærbø, Februar 2023

Karen-Elise Gilje Fossen  
leiar

Håkon Høyland  
nestleiar

Vidar Søyland Pettersen  
Sokneprest

Johan Vatne

Anne Fløysvik

Stine Reime

Marianne Rimestad

Henrik Harbo

Morten Bjorland